



Hardangerrådet iks



Hardanger

Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep.  
0030 OSLO  
[postmottak@sd.dep.no](mailto:postmottak@sd.dep.no)

### **NTP 2025 – 2036: Uttale frå Hardangerrådet**

Hardangerrådet er regionråd for Eidfjord kommune, Kvam herad, Ullensvang kommune og Ulvik herad.

NTP 2025 - 2036 skal byggja på grunnlaget om å utbetra der ein kan og byggja nytt der ein må. Auka fokus på reduksjon av utslepp og naturinngrep krev endring i prioriteringar og større fokus på sikring, vedlikehald og oppgradering av det eksisterande vegnettet.

Den totale NTP-ramma vil også verta stramare og sjølv med høg ramme må mange viktige prosjekt skuvast ut i tid. Dette vil setja store krav til prioritering av dei viktigaste prosjekta.

Hardangerrådet har følgjande hovudpunkt i høyringsuttalen til transportverksemdene sine svar på NTP-opdrag vedr. utgreiing og prioritering:

- Liv og helse må prioriterast først og det må leggjast vekt på eit trygt og framkomeleg vegnett. Rassikring av fylkes- og riksvegar er Hardangerrådet sin høgste prioritet. Dette gjeld også omsyn til både minstestandard og føreseieleg vinteropen veg. Vi ber om at store rassikringsprosjekt på fylkesvegnettet må delfinansierast med statlege løyvingar. T.d. Fv49 Tokagjelet
- Livsviktige kvardagsvegar med stor betydning for næringslivet, ofte med sesongmessig høg ÅDT, slit med å bli prioritert etter tradisjonell samfunnsøkonomisk lønsemd. Riksvegar der trafikkvolum sprengjer tolegrensa for framkome må prioriterast for standardheving. T.d. er heile Rv13 gjennom Hardanger prega av elendig standard, rasfare og stadige standardbrot. I tillegg gjev dei endra klimatilhøva større rasfare, og det blir dyrare å venta med nødvendig rassikring.

- Hardangerrådet krev større pott til rassikring og gjeninnføring av eige rassikringskapitel i NTP. Det er uheldig om fordeling av midlar til rassikring, tunneloppgradering og vedlikehald skal vere basert på samfunnsøkonomi, og vi meiner at andre forhold som samfunnstryggleik og sikkerheitskrav må vektleggjast. Hardangerrådet meiner at rassikring må prioriterast langt høgare i NTP 2025-2036.  
Kap 31 skredsikring er null ut, men inngår i kap 30 riksveginvesteringar. Kap 31 må inn igjen og aukast kraftig.
- Hardangerrådet støttar kravet til Nasjonal rassikringsgruppe som krev sikring av alle punkt med skredfaktor høg og middels. Ambisjonane i forslaget frå SVV er for låge. Hardangerrådet støttar Nasjonal rassikringsgruppe sitt krav om:
  - 2 milliarder meir pr år til rassikring av fylkesvegane.
  - 2 milliarder meir pr år til rassikring av riksvegane.
- Hardangerrådet ber om at gjeldande skredfaktormodell vert vidareført. Føreslegen ny skredfaktormodell vil ikkje ivareta viktige hensyn for vegane i Hardangerregionen.
- Hardangerrådet ber om at ny NTP 2025 - 2036 vert styrka med auka rammer for mindre prosjekt og midlar til mindre tiltak på omkøyringsvegar som følgje av store investeringsprosjekt som t.d. K5 Arna - Stanghelle.
- Hardangerrådet viser til Vestland fylkeskommune sin høyringsuttale og støttar proteringane vedr.
  - Auka midlar til rassikring og oppgradering av fylkesvegar
- Hardangerrådet er usamd i Vestland fylkeskommune si vurdering av korleis statlege prosjekt er prioritert, då Vestland fylkeskommune ikkje svarar på departementet si oppmoding om *eksplisitt rangering ved nummerering slik at det framgår kva som vert tilrådd gjennomført først.*

Hardangerrådet prioriterer at desse prosjekta vert igangsett først.

1. Rassikring på riks- og fylkesvegar. Auka årlege løyvingar i samsvar med tilrådinga frå Nasjonal rassikringsgruppe.
  2. E134 Seljestad - Røldal
  3. K5 Arna - Stanghelle
- Hardangerrådet vil at det skal leggjast til rette for større samanhengande leveområde for villrein. Hardangerrådet meiner at naturrestaureringsprosjekt skal ha ei særleg vurdering og vurderast i ljøs av Noregs internasjonale ansvar for å ta vare på villreinen i Europa. Det er naturleg at slike prosjekt kan finansierast, eller delfinansierast frå andre departement, som Klima- og miljødepartementet. Miljøtunnelar på Haukelifjell og Hardangervidda vil tilgjengeleggjera større gjennomgåande leveområde for villreinen. Høvesvis ved Rv7 Hardangervidda og ved E-134 Haukelifjell.

Kinsarvik, 3. juli 2023

Med helsing

Eidfjord kommune

---

Anders Vatile /s./  
ordfører

Ullensvang kommune

---

Roald Aga Haug /s./  
ordfører

Kvam herad

---

Torgeir Næss /s./  
ordfører

Ulvik herad

---

Hans Petter Thorbjørnsen /s./  
ordfører